



## Innkalling til rådsmøte i Ryfylkerådet

Tid: Tirsdag 12.03.2024, kl. 09.00 – 12.00

Stad: Ryfylke IKS, Ryfylkevegen 7040, 4130 Hjelmeland

### Innkallinga går til:

Kenny Rettore, ordfører i Sandnes  
Bodil Sivertsen, kommunedirektør i Sandnes  
Janne Johnsen, kommunedirektør i Hjelmeland  
Håvard Handeland, ordfører i Sauda  
Vegard Thise, kommunedirektør i Sauda  
Mads Drange, ordfører i Suldal  
Karin Dokken Austvik, kommunedirektør i Suldal  
Bjørng Tryland, fung. ordfører i Strand  
Heidi Klaveness, kommunedirektør i Strand

### Kopi til:

Kristoffer Amdal, styreleiar i Ryfylke IKS

### Saksliste

Sak 09/24 Godkjenning av innkalling og saksliste  
Sak 10/24 Godkjenning av møtebok  
Sak 11/24 Selskapsavtale Ryfylke IKS  
Sak 12/24 Utdanningscenter i Ryfylke (ettersendes om/når svar frå Rog.fk)  
Sak 13/24 Attraktivitetsprosjektet «Attraktive Ryfylke»  
Sak 14/24 Oppnemning av representantar til ungdomsstyret  
Sak 15/24 Høyringsinnspel kompetanseplan Rogaland  
Sak 16/24 Ekstraordinær generalforsamling Ryfylke IKS  
Sak 17/24 Orienteringssaker  
Sak 18/24 Eventuelt

Rådet får rett i etterkant av rådsmøtet (ca kl. 1130) ei orientering ved Liv Jorunn Tjelmeland vedrørende revidering av medlemsavtalar i Reisemål Ryfylke.

Hjelmeland, 05.03.2024

Anita Husøy Riskedal  
fung. rådsleiar i Ryfylkerådet

Kristoffer Amdal  
styreleiar i Ryfylke IKS

## **Sak 09/24 Godkjenning av innkalling og saksliste**

### **Framlegg til vedtak**

Rådet godkjenner innkalling og saksliste.

## **Sak 10/24 Godkjenning av møtebok**

Møtebok frå møtet 25.01.24 ligg ved innkallinga.

### **Framlegg til vedtak**

Rådet godkjenner møtebok frå møte 25.01.24.

## **Sak 11/24 Selskapsavtale Ryfylke IKS**

Vedlegg i saka:

Underlag frå vedtak i kvart av kommunestyra i eigarkommunane.

Skriv frå kommunedirektørane i eigarkommunane.

Bakgrunn:

Alle kommunestyra i eigarkommunane i Ryfylke IKS har nå hatt ny selskapsavtale oppe til vurdering og handsaming.

Samtlege kommunar har gjort vedtak om å stilla seg bak ny ajourført selskapsavtale.

Vedr. dei prinsipielle spørsmåla til saka er det ulike tilnærmingar. Det vil vera naturleg å ettergå desse tilbakemeldingane når desse føreligg for å finna ei felles retning.

### **Framlegg til vedtak**

1. Ryfylke IKS implementerer ny ajourført selskapsavtale vedtatt i kommunestyra i deltakerkommunane.

2. Innspela frå dei enkelte kommunestyra vert nytta i det vidare arbeidet med utarbeiding av oppdatert strategiplan for Ryfylke IKS.

## **Sak 12/24 Utdanningscenter i Ryfylke**

Vedlegg: Saksframlegg etter møte med Rogaland fylkeskommune 16.02.24 (vert ettersendt).

I saka om utdanningscenter, som var oppe på to tidlegare rådsmøter (sak 30/23 og sak 41/23), er det fatta eit vedtak i Fylkestinget 12.12.23 (sak 140/2023):

- 1. Fylkestinget tar sak om etablering av utdanningscenter i Ryfylke til orientering, og ber om en ny sak 1. halvår 2024 med endelig forslag til organisering.*
- 2. Fylkestinget mener at en forutsetning for etablering av utdanningscenter er at dette skjer i felles eierskap mellom fylkeskommunen og kommunene.*
- 3. Fylkestinget ønsker å etablere et kompetanseforum i Ryfylke med lokal representasjon som speiler sammensetningen i Kompetanseforum Rogaland. Forumet er en videreføring av MOR-rådet.*

Ryfylke IKS, ved styreleiar og dagleg leiar, har saman med fungerande rådsleiar (ordførar Hjelmeland) og ordførar i Suldal vore i møte med fylkeskommunen 16.02.24 for å avklara den vidare prosessen, særleg knytt til organisasjonsform av eit utdanningscenter i Ryfylke.

Det er avklart at Utdanningscenteret i Ryfylke skal ha eit felles eigarskap mellom kommunane og fylkeskommunen.

Det er ut frå dette også klarlagt at Utdanningscenteret i Ryfylke skal ikkje samlokaliseras ved dei vidaregåande skulane i Sauda og Strand.

Det som fortsatt trengs avklaring på er selskapsform, organisering og plassering.

### **Framlegg til vedtak**

Saka blir lagt fram utan framlegg til vedtak i påvente av tilbakemelding frå Rogaland fylkeskommune. Denne vert ettersendt så snart den føreligg.

## **Sak 13/24 Attraktivitetsprosjektet «Attraktive Ryfylke»**

### *Bakgrunn*

I sak 34/22 var framlegg om å starte prosjektet «Attraktive Ryfylke» oppe til behandling i Ryfylkerådet og det vart gjort slikt vedtak:

- 1 «Ryfylkerådet sluttar seg til prosjektskissa for bustadattraktivitet i Ryfylke og ber administrasjonen arbeida vidare med sikte på organisering og finansiering.»*
- 2 «Kommunane blir bedne om å peika ut ein person som kan bli ein del av prosjektarbeidet for å sikre god koordinering i og på tvers av kommunane.»*

Etter anbodskonkurranse blei det inngått avtale med Torfinn Opheim om å leie prosjektet.

Det blei søkt om finansiering av prosjektet i tråd med prosjektskissa. Ryfylkefondet vedtok å løyve kr. 900.000 til tiltaket. Desse midla er tilskrive prosjektet.

Rogaland Fylkeskommune, ved Regional-, kultur- og næringsutvalet (RKNU), vedtok tildeling av støtte til prosjektet med kr. 200.000. Desse midla er ikkje bedt om utbetaling på pt.

Statsforvaltaren i Rogaland gav støtte til prosjektet med kr. 500.000. Søknaden blei sendt av Hjelmeland kommune på vegne av prosjektet, og Ryfylke IKS har mottatt beløpet.

Kommunane peika ut til saman fire personar til ressursgruppa. I tråd med prosjektskissa blei det oppretta kontakt med Nordic Edge som blei med i ressursgruppa. Det blei også knytt nær kontakt med Rogaland fylkeskommune som blei med i ressursgruppa. I det vidare arbeidet blei det anbefalt å arbeid etter «Rogalandsmodellen». Etter drøftingar i ressursgruppa blei ein kurs staka ut for prosjektet; «**mobilitet i Ryfylke**».

Etter dette bestemte Ryfylkerådet at kommunane ikkje lenger skulle delta med ressurspersonar, og vedtok i sak 32/23 tilslutning til å opprette ei styringsgruppe i prosjektet.

Styringsgruppa består nå av;

- Prosjektleder
- Rogaland Fylkeskommune med Heidi Skifjell
- Nordic Edge med Bjarne Uldal og Steinar Meling
- Odd Aksland
- Anne Bratthammer

Det blei søkt Statsforvalteren om prosjektmidler for 2024 (via Hjelmeland kommune). Det blei ikkje tildelt midler i 2024.

### *Vurdering*

Frå opprinneleg innsendt søknad (av Hjelmeland kommune på vegne av prosjektet) til Statsforvaltaren i Rogaland; med fokus på bustadsattraktivitet i Ryfylke, til det valet som prosjektet etter kvart har bestemt å fokusera vidare på; mobilitet i Ryfylke, oppgir søker utfordringar mht rapportering på brukte midler.

Søkar tilbakemelder at foreslått mottatt rapportering ikkje står i samsvar med det som vart omsøkt og ønsker derfor å trekka søknaden til Statsforvaltaren i Rogaland og refundera nødvendige midler knytta til søknaden.

Å arbeide for å auka attraktivitet i regionen er ei målsetting for Ryfylke IKS, og dette blir óg løfta fram i den regionale analysen frå Telemarksforsking, samt i kommunale og fylkeskommunale planverk. Å gjera Ryfylke til ein meir attraktiv region er eit stort tema som rører ved dei fleste områda i samfunnet.

Prosjektmandatet kan visa seg å ha blitt for stort og omfattande. Det kan og tyda på at forrankinga ikkje har vore god nok ved inngongen til eit så komplekst tema. Når så sökande

kommune til midler frå Statsforvaltaren i Rogaland, på vegne av prosjektet, ikkje opplever å ha godt nok grunnlag å kunna rapportera på bruken av omsøkte midler, og at ein ikkje kjenner seg att i den retninga prosjektet har tatt, er det viktig å stoppa opp og vurdera vidare veg.

Det kan sjå ut til at vidare framdrift i prosjektet er krevande. Tema, tilpasning og omfang har antatt ikkje vore godt nok omforent, og prosjektet skal ta på alvor at søkar ikkje kjenner seg komfortabel med å rapportera på eit prosjekt som har skifta fokus og ikkje svarer ut den opprinnelege søknaden.

Saka blir på denne bakgrunn lagt fram med følgande framlegg til vedtak:

1. Prosjektet vert avslutta utan vidare realisering.
2. Prosjektet blir gjort opp økonomisk, inkl. refusjon til Statsforvaltaren i Rogaland.

## **Sak 14/24 Oppnemning av representantar til ungdomsstyret**

Bakgrunn

I sak 38/2023 gjorde rådet slikt vedtak:

1. Ryfylkerådet sluttar seg til saksframstillinga og godkjenner vedtektene for ungdomsstyret i Ryfylke.
2. Det blir lagt fram sak for Ryfylkerådet om oppnemning av medlemmene over 20 år.

Administrasjonen har sendt skriv til kommunane om å nemne opp representantar frå dei kommunale ungdomsråda. Ein representant og ein vara.

I tillegg har administrasjonen arbeidd for å finne representantar som rådet kan nemne opp. For å få kontinuitet frå ungdomsutvalet, som har lagt grunnlaget for etableringa, er to frå utvalet invitert med vidare. I tillegg har me fått innspel om fleire personar som bør vera aktuelle - og me tilråd derfor ei slik samansetting:

Desse fem blir valde som faste medlemmer og blir supplert med vara:

- Anne Bratthammer, vara blir Gabriel Havrevold, Strand
- Sondre Hebnes, vara blir (person spurt), Suldal
- Eivind Hustveit, vara blir Maja Kristin Janson Jordal, Sauda
- Sophia Beadle, vara blir (person spurt), Hjelmeland
- Ådne Tangen Aarskog, vara blir Aina Espedal, Sandnes

Me har fått meldt inn representantar frå ungdomsråda i Sandnes, Hjelmeland, Suldal og Strand og ventar på representant frå Sauda.

Funksjonstida er to år.

Det blir nå lagt planar for den første samlinga der følgjande oppgåver blir spelt inn til dei som no utgjer styret, jamfør § 1.3 for styret:

- *Styret skal leggja til rette for faglege og sosiale arenaer og møteplassar der unge får*
  - *vera sosiale saman*
  - *kunnskap om regionen sine fortrinn*
  - *styrkja felles identitet til Ryfylke*
  - *bidra til å skapa demokratiske gode samfunnsprosessar.*
- *Styret skal peika ut representantar til politiske fora på regionalt og fylkeskommunalt nivå som skal representera unge i Ryfylke.*
- *Styret skal arbeida for at kollektivtilbodet i regionen tar omsyn til ungdommen sine behov.*
- *Styret skal bidra til å fordela midlar til tiltak av interesse for unge.*
- *Styret skal vera høyringsorgan i alle saker som gjeld dei unge sine vilkår. Styret kan reisa saker det sjølv finn aktuelle, men ikkje saker som gjeld enkeltpersonar.*

*Ungdomsstyret kan invitera politikarar, administrasjon eller andre til styremøta for utveksling av informasjon og kunnskap, for å stilla spørsmål eller for å diskutera ei sak.*

Ungdomsutvalet, som har lagt grunnlaget for at styret blir etablert, har og arbeidd for å få andre til å støtte opp under finansieringa av fleire av dei tiltaka som det er peika på i rapporten. Sparebanken Vest har løyvd 1,5 millionar kroner, og ein har vore i møte med fleire som óg har invitert til å kome med søknad til arbeidet.

Når det gjeld honorar for arbeidet har rådet tatt på seg kostnaden til dette for dei som er over 20 år. Kommunane må dekke kostnaden for dei som kjem frå ungdomsråda i kommunane.

Den første samlinga er det mål om å gjennomføre innan mai i år.

## **Vurdering**

Det er no naturleg at styret konstituerer seg sjølv og arbeider fram ein handlingsplan for arbeidet som går over fire år. Grunnlagsdokumentet, som det tidlegare ungdomsutvalet har utarbeidd og som har vore til behandling i rådet tidlegare, er grunnlaget for styret sitt arbeid. Styret må utarbeida budsjett for arbeidet og leggja dette fram for rådet til godkjenning.

## **Framlegg til vedtak**

1. Ryfylkerådet sluttar seg til oppnemninga av kandidatar til rådet for den gruppa som er over 20 år.
2. Det nye ungdomsstyret blir bedne om leggja fram handlingsplan for fire år og budsjett.

## Sak 15/24 Høyring kompetanseplan Rogaland frist 08.04.24

Vedlegg: Regionalplan kompetanse Rogaland

Rogaland fylkeskommune har sendt regionalplan for kompetanse ut på høyring og ber om fråsegn til denne innan 8. april 2024.

Bakgrunnen for å utarbeide ein slik plan er føringar frå Regionreforma og Nasjonal kompetansepolitisk strategi, der fylkeskommunane blir gitt eit større ansvar for kompetansepolitikk og -planlegging.

Sentralt i planen er eit auka fokus på *livslang læring* for å støtte opp om kompetansebehovet til eit konkurransedyktig næringsliv og ein god offentleg sektor, noko som óg ei rekke offentlege utgreiingar og stortingsmeldingar støtter opp om.

Regionalplanar for kompetanse er utarbeidd i alle fylkeskommunane, og Rogaland har tatt med seg gode erfaringar frå planane som alt er i arbeid i sin planprosess.

Det har vore mange innspelsmøte undervegs i arbeidet med planen. Ryfylke IKS har vore med i alle innspelsmøta i planprosessen som har gått over to-tre år. I tillegg har Dalane, Haugalandet og Ryfylke hatt eigne møte saman med prosjektleiar for planprogrammet for å sikre at dei regionale behova ikkje druknar i dei meir sentrale stroka sine.

Vinteren 22/23 sendte Ryfylke inn eit omfattande skriv til arbeidet og planutkastet som no ligg føre. Planen har fanga opp mange av dei innspela regionen har gitt.

Planen, saman med handlingsprogram, skal handsamast i Fylkestinget i juni 2024. Det blir framlegg om ei årleg rullering for på den måten vera budd på å fange opp dei raske svinganingar og endringar i arbeidslivet sitt behov for kompetanse.

Regionalplan kompetanse gjeld i all hovudsak kompetanseheving på høgare yrkesfagleg nivå og universitets- og høgskulenivå (frå no omtalt som UH-sektoren), og forhold som blir drøfta og lagt strategiar for og ansvar til er:

- Korleis kartleggje og skreddarsy tilbod som sikrar omstilling og behov for kompetanse arbeidslivet har?
- Korleis bygge ned kompetansegap og redusera talet på dei som står utanfor arbeidslivet?
- Korleis gjera kvalifiseringsarbeidet lettare for innvandrarak?
- Kva rolle vil kunstig intelligens få å seie for arbeidslivet og korleis påverkar dette kompetansesarbeidet?
- Korleis sikre at folk, uavhengig av bustad, kan få påfyll av utdanning og kompetanse?
- Korleis gjera at regionale kompetansefora (Dalane, Ryfylke og Hauglandet) blir viktige premissleverandørar for kompetansesarbeidet i Rogaland?

### Vurdering

Planutkastet som ligg føre kan bli eit viktig dokument i arbeidet med å sikra at dei som bur og lever i distrikta får same rett og moglegheit til å ta høgare utdanning samanlikna med dei som bur i kort avstand til dei ulike campusane.

Ryfylke har ei skeiv samansetting av innbyggjarane sine (t.d. 25 % fleire i alderen 60 – 70 år samanlikna med 20 – 30 år). Personar med utdanning på UH-nivå er lågt, men interesse for å ta

vidareutdanning er stor, jf. tidlegare kartleggingar. Ei føresetning er at dei kan ta utdanninga der dei bur og lever. Desentraliserte og fleksible utdanningar organisert av eit regionalt studie-/utdanningsssenter vil óg vere i tråd med FN sine berekraftsmål (<https://www.fn.no/om-fn/fns-baerekraftsmaal>), som mellom anna peiker på at folk uavhengig av bustad skal kunne ta del i utdanningstilbod, og på arbeidslivet sine moglegheiter for økonomisk vekst.

Lågt utdanningsnivået kan ha økonomiske konsekvensar for distriktsregionar som Ryfylke, noko som er stadfesta av forskning. Det er ein tydeleg samanheng mellom kor stor del som har akademikarbakgrunn i næringslivet og produktivitet og konkurransevne (Grünfeld, Høiseth-Gilje & Holmen, 2014).

Det er låg arbeidsløyse i regionen, og utfordrande for arbeidslivet å rekruttera den kompetansen dei treng. Frå 2019 til 2021 har det vore ein vekst på 65 prosent når det gjeld talet på ledige stillingar (NAV, 2022). Det er og ein stor grad av mismatch-problematikk, som betyr at innbyggjarane ikkje fullt ut har den kompetansen arbeidslivet treng. Noko som vitnar om behovet for å forstå dei spesielle utfordringar regionar som Ryfylke har samanlikna med meir bynære strok.

Kompetansereforma (Meld. St. 14 (2019-2020)) slår fast at me skal lære heile livet, at me skal bli omstillingsdyktige - og dermed ikkje gå ut på dato. Dette var óg målsetningar i den førre kompetansereforma frå 1997 (Meld. St. 42 (1997-98)). Både stortingsmeldinga om kompetansereforma og Levekårsmonitoren (2019) til Direktoratet for høgere utdanning og kompetanse (HK-dir) viser at det likevel ikkje har vore auke i talet på vaksne som tar formell utdanning.

Utfordringa for Ryfylke er at det er dei unge med høg utdanning frå før som i størst grad tar vidareutdanning, - sjølv om omstillingsbehovet er større blant godt vaksne med låg utdanning og uformell kompetanse. Óg når det gjeld uformell opplæring, kurs, seminar osv., er det dei høgt utdanna som har høgast deltaking (Kompetanse Norge, 2016).

Erfaringar frå Ryfylke og desentraliserte utdanningsløp, utarbeidde i samskapte prosessar med arbeidslivet (Ryfylkemodellen), viser at deltaking i vidareutdanningstilbod ikkje berre handlar om fysisk avstand til høgskule og universitet. Det handlar vel så mykje om ein «psykologisk avstand», i tillegg til moglegheiter til å ta utdanning ved sida av ordinært arbeid. Eit desentralisert og tilpassa tilbod i kjente omgjevnader kan vere det som skal til for å ta steget inn i ny utdanning.

Dette er forhold det óg blir peika på i NOU 2019:12 *Lærekraftig utvikling: Livslang læring for omstilling og konkurransevne*. Me erfarer at dei unge frå Ryfylke har liten oversikt over arbeidslivet i Ryfylke og kva moglegheiter det gir for dei i møte med utdanningssystemet. Dei kjenner i liten grad til arbeidslivet i eigen kommune, - og kunnskapen om det *regionale* er mest fråverande, noko som fører til at dei gjer såkalla trygge val (til dømes sjukepleie og lærar) som gir arbeid i regionen (Høgskolen i Innlandet, 2022).

Kompetansereforma (Meld. St. 14 (2019–2020)) peiker mellom anna på verkemiddel som auka satsing på karriererettleiing, også her må det bli større fokus på lokale og regionale løysingar. Regionane har ulike næringsprofilar, ulike konkurransefortrinn og ulike utfordringar. Forsking viser at kunnskapen om kor ein kan få yrkes- og utdanningsretteiing i Ryfylke (skule/NAV/karrieresenter) er svak. I ei kartlegging i Indre Ryfylke kjenner ingen til dei retteiingstilboda som finst. Ein konsekvens kan vera at fem av ti innser at dei har gjort feil utdanningsval ved heimflytting til regionen etter ferdig utdanning (Høgskulen i Volda 2021).



Ei sterkare lokalt tilpassa rådgjevingsteneste er derfor viktig å utvikle saman med regionen, skulane og NAV som ein del av den kompetansehevande strategien som er lagt for Ryfylke. Ryfylke IKS har derfor etablert eit fagleg nettverk i regionen for dei som arbeider med ulike typar rettleiing knytt til utdanning og yrkje. Ei sterkare satsing på slik rettleiing er ekstra viktig i ei tid der svært mange nye landmenn har kome og vil koma til regionen.

Dei vidaregåande skulane i Sauda og Strand har fått eit permanent ansvar og moglegheit til å kunne tilby vidaregåande opplæring for vaksne. Dette er ei viktig satsing, - både for vaksne som ønskjer ei ny fagutdanning, men óg for dei som vil kvalifisera seg for ei utdanning på høgare nivå.

Å etablera fleksibilitet i tilbodsstrukturen og samarbeid mellom dei to vidaregåande skulane er viktige for innbyggjarane - og det kan gje auka grunnlag for utvikling av lokale og tilpassa utdanningar på høgare nivå som krev forkunnskap. Til dømes har dei vidaregåande skulane samarbeidd om å tilby fag som gjer studiekompetanse for dei som vil ta høgare utdanning. Den vidaregåande opplæringa i distrikta krev og ei anna innretting enn i sentrale strom.

Gjennom arbeidet opplever me til tider at det er mykje og ofte fokus på det sentrale arbeidslivet i fylket, ofte lokalisert til Nord-Jæren. Her er det viktig å vere tydeleg på at planen gjeld *heile* Rogaland. I samband med etablering av eit utdanningscenter i Ryfylke, legg fylket opp til at det blir oppretta eit kompetanseforum for regionen. Eit slikt forum er óg etablert på Haugalandet. Det er viktig at dei regionale foruma blir representert i fylkeskommunen sitt eige kompetanseforum, for ei felles utveksling av regionalt og fylkeskommunalt kompetansearbeid og for at regionplan for kompetanse blir eit strategisk verktøy for heile fylket.

## **Framlegg til vedtak**

Ryfylkerådet sluttar seg til saksframstillinga og meiner Regionalplan kompetanse aktualiserer og løfter fram kompetansearbeidet som eit viktig grunnlag for berekraftig utvikling og vekst. Rådet vil her spesielt peika på følgjande forhold skal ein lykkast med kompetansearbeidet i heile fylket:

- Ryfylke er ein region med stor verdiskaping - og påfyll av rett kompetanse er viktig for vidare utvikling og vekst.
- Det strategiske kompetansearbeidet i Rogaland må tilpassast den enkelte region sine behov. Ulike næringsprofilar, ulike konkurransefortrinn og ulike utfordringar krev dette.
- Karriererettleiinga må styrkjast i regionane generelt. Tilbodet er i dag er lokalisert sentralt og lite kjent i Ryfylke. Behovet er generelt stort, men spesielt i ei tid med sterk auke i innvandring.  
Å styrkje kompetansen i rettleiingstenesta i møte med utdannings- og yrkesval blir viktig slik at kunnskapen om lokalt og regionalt arbeidsliv er høg når yrkje skal veljast.
- Regionane sine kompetanseforum må vera representert i fylkeskommunen sitt kompetanseforum.
- Det er viktig at fylkeskommunen er ein pådrivar for at UH-sektoren er med å utviklar fleire desentraliserte utdanningar utarbeidde i samskapte prosessar med arbeidslivet basert på reelle behov for kompetanseheving (Ryfylkemodellen).

## **Sak 16/24 Ekstraordinær generalforsamling Ryfylke IKS**

### **Innkalling til ekstraordinær generalforsamling i Ryfylke IKS**

#### **Sakliste:**

- 1. Valg av møteleiar**
- 2. Godkjenning av møteinnkalling**
- 3. Val av to representantar for signering av protokoll**
- 4. Val av medlemmer i styret i Ryfylke IKS**
- 5. Eventuelt**

Ved valg av styre ved Ryfylke IKS si generalforsamling 02.06.2020 vart det gjort ein formell feil. Generalforsamlinga valgte følgande styre i Ryfylke IKS i henhold til valgkomiteens innstilling:

Styreleiar - Kristoffer Amdal (Strand, H)  
Styremedlem - Eirik Daniel Fatnes (Sauda, næringssjef)  
Styremedlem - Nina Othilie Høiland (Sandnes, næringssjef)  
Varamedlem - Laila Steine (Suldal Vekst AS, daglig leder)  
Varamedlem - Gaute Hauge (Hjelmeland, Ap)

Styret skulle formelt bli valgt med leiar, nestleiar og styremedlem, samt to vararepresentantar.

For å få registrert styret i Brønnøysund må desse formalkrava på plass. Det er opplyst å har vore forsøkt innsendt ved fleire høve, utan realisering. Det spesielle med selskapsforma IKS er at alt må sendast i original form i posten.

Bekreftelse av styre i Ryfylke IKS:

Styreleiar - Kristoffer Amdal (Strand, H)  
Nestleiar - Nina Othilie Høiland (Sandnes, næringssjef)  
Styremedlem - Eirik Daniel Fatnes (Sauda, næringssjef)  
Varamedlem - Laila Steine (Suldal Vekst AS, daglig leder)  
Varamedlem - Gaute Hauge (Hjelmeland, Ap)

## **Sak 17/24 Orienteringssaker**

### **Ungdomskort**

Kort om arbeid inn mot signering av avtale med Stavanger kommune vedr. Utvikling og effektivering av ungdomskort for ungdom i Ryfylke.

Avtale er signert og arbeid er i gong.

## **Profilering Ryfylke IKS**

Ny logo og profilering for Ryfylke IKS blir presentert i møtet. Nina Fjellskaalnes fortel om bakgrunn og forrankring av arbeidet (sjå elles vedlegg).

## **AquaNext**

Havbruksmesse finn stad 11-13. juni 2024 i Stavanger, med felles utstilling frå HVL, Fagskulen Rogaland, Strand VGS og Ryfylke IKS. Bodskapet er felles satsing på kompetanseløft innan havbruknæringa.

## **Husbanken sine virkemidler**

Det er ønskeleg å leggja til rette for eit felles møte med næringsansvarlege frå alle eigarkommunane i Ryfylke IKS for at Husbanken kan få presentert sine verkemidler. Eigarkommunane har kvar for seg fokus på bustadbygging og det vil vera av interesse å høyra korleis Husbanken kan vera del av vidare utvikling i kommunane.

## **Framlegg til vedtak**

Orienteringssakene blir tatt til vitande

## **Sak 18/23 Eventuelt**

Ingen saker til eventuelt.

## **Revidering medlemsavtale Reisemål Ryfylke AS i etterkant av rådsmøtet.**

Felles orientering frå Reisemål Ryfylke AS i Rådsmøte 12.03.24 kl. 11:30-12:00.

I 2024 skal vi ha revidering av avtaler for deres medlemskap i Reisemål Ryfylke AS. Vi er destinasjonsselskapet for Ryfylke og vårt hovedmandat er felles markedsføring av Ryfylke som en reiselivsdestinasjon.